



Torsdag kl.19 vert det adventssong i Uskedal kyrkje.

Torsdag kl.19 er det klart for ein ny salmekveld i Uskedal kyrkje. Denne gongen er temaet ADVENT, og hovuddelen av programmet vert at vi syng adventssalmar og adventssongar. Innimellom vert det også framføring av musikalske innslag. Vi understrekar at salmekvelden byrjar kl.19, ikkje kl.18 slik det er annonsert i gudstenestelistene i lokalavisene.

Det meste av programmet som vert sunge, er henta frå den nye salmeboka. Nokre er gamle og kjende, andre er nye. I tillegg vert det ei songøkt med andre adventssongar. Den dyktige kantoren vår, Eva Megyesi, er med oss og spelar til fellessongen. Kristian O. Bringedal leiar kvelden.

Innemellom songøktene vert det også innslag av solosongarar. Unge Anna Elisabeth Samland Eik vil syngja for oss, og truleg vert det eit fint songinnslag til. Dette får vera ei kjekk overrasking for dei som kjem.

Tilbakemeldingane frå dei tidlegare salmekveldane har vore svært positive. Det er noko eige med fellessong i kyrkja. Vi trur dette vert ein stemningsfull kveld med mykje fin song der det også vert tid til ein pause med kyrkjakaffi og prat.

Og den byrjar altså kl.19.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Aud Karin Bjelland Løvfall.